



Arkivnr: 2014/559-14  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015
Fylkestinget		09.06.2015

### Vedtektsendringar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

#### Samandrag

Ungdommens fylkesting fekk sitt reglement inkludert i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune etter vedtak i fylkestinget 11.06.2014. Her vart det stadfesta at vedtekten til Ungdommens fylkesting berre kan endrast av det ordinære fylkestinget.

På Ungdommens fylkesting 25.-26. januar 2014 vart følgjande vedtak gjort:  
«*Ungdommens fylkesting ber om at Ungdommens fylkesutval startar eit arbeid for å revidere det gjeldande reglementet, slik at det i praksis fungerer hensiktsmessig.*»

På bakgrunn av dette vedtaket har Ungdommens fylkesutval i 2014 hatt ein større gjennomgang av vedtekten og la fram omfattande endringsforslag til Ungdommens fylkesting 13.-15. februar 2015.

#### Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen  
Fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 29.07.2014**

Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval har fått utforma eit reglement, som ein finn i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune s. 11, og vedtekter som styrar dei interne prosedyrane. Både reglement og vedtekter kan berre verte endra på fylkestinget, og når det gjeld vedtektena er dette heimla i §5 Endring av vedtekter:

*«5. 1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektena for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektena kan likevel berre endrast etter framlegg frå Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval kan kome med forslag om vedtektsendringar.»*

Ungdommens fylkesting 2014 vart heldt 25.-26. januar. Der vedtok Ungdommens fylkesting, med 2/3 fleirtal, slikt vedtak:

*«Ungdommens fylkesting ber om at Ungdommens fylkesutval startar eit arbeid for å revidere det gjeldande reglementet, slik at det i praksis fungerer hensiktsmessig.»*

Ungdommens fylkesutval har jobba med vedtektena i 2014, i samråd med juridiske ressurspersonar i fylkeskommunen. Det vart klart at mange av vedtektena slik dei nå står er vague, uklare og til dels seier noko anna enn det som er hensikta. Språket er og til tider innvikla og byråkratisk.

Ungdommens fylkesutval fremja eitt forslag til nye vedtekter på Ungdommens fylkesting 13.-15. februar 2015. Forslagsendringane var i hovudsak endring av omgrep for å gjere dei meir forståelege og nokre presiseringar. Det er elles få vedtektsendringar i praksis, eitt døme er at ein har fjerna rollane gjest og observatør på Ungdommens fylkesting, men opna for at Ungdommens fylkesting har moglegheit til å gi slike rettigheter til einskilde personar dersom det er trong for det. Sjå §2.11.

Ungdommens fylkesting gjorde slikt vedtak 15.02.2015:

**«Vedtak**

*«Ungdommens fylkesting vedtek slike vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, og ber om at desse vert lagt fram for fylkestinget for endeleg godkjenning:»*

Vedlagt finn de vedtektena der endringane er markert. Tillegg står i kursiv og det som er fjerna er markert med overstryking.